



Innkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Hjørundfjord eller Vartdalsfjord
Dato	07.06.2022
Tid	kl 08.30

Gyldig forfall skal snarast meldast til Vest kontroll på telefon 700 30 440 eller post@vestkontroll.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemar møter berre etter eiga innkalling.

Medlemar som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemar kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumentata er publiserte på www.orsta.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 08/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/2820
PS 09/22	Godkjenning av protokoll	22/2820
PS 11/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/2820
PS 12/22	Referatsaker	22/2820
RS 04/22	Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid	22/2779
RS 05/22	Kontrollutvaldsdagen - invitasjon	22/2780
RS 06/22	Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren	22/2781
RS 07/22	Økokrims trusselvurdering 2022 - NKRF	22/2782
PS 13/22	Prosjektplan og bestilling av forvaltningsprosjekt	22/2793
PS 14/22	Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte	22/2783
PS 15/22	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021	22/2792
PS 16/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/2812
PS 17/22	Rekneskap og årsmelding 2021	22/2794
PS 18/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/2820

Ørsta, 31.05.2022

Sven Castberg



Vår referanse: 22/2820 22/11006

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 31.05.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
08/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.



Vår referanse: 22/2820 22/11009

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 31.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
09/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Godkjenning av protokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Vedlegg:

Møteprotokoll - Kontrollutvalet - 25.04.2022



Vår referanse: 22/2820 22/11007

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 31.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Gjennomgang av møteprotokollar

For best mogleg kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside –

<https://innsyn.orsta.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Eldrerådet	18.03 28.04
Formannskapet	05.04 03.05 24.05
Kommunestyret	24.03 05.05 19.05
Landbruksutvalet	31.03 09.05
Levekårsutvalet	21.03 27.04 01.06
Råd for likestilling av funksjonshemma	16.03 23.05
Sakkundig klagenemnd for taksering av eigedomsskatteobjekt	23.05
Sakkundig nemnd for taksering av eigedomsskatteobjekt	28.03 30.05
Samfunnsutvalet	04.04 26.04 31.05
Ungdomsrådet	10.02 02.06

VØR IKS Styret	29.03
VØR IKS Representantskapet	26.04
VØR IKS Klageutvalet?	?
Retura Søre Sunnmøre AS	

Alle:

Kommunestyret
Formannskapet

Sven Castberg:

Levekårsutvalet
Selskap

Tore Thon:

Samfunnsutvalet

Hilde Aambakk

Eldrerådet
Råd for likestilling av funksjonshemma
Ungdomsrådet

Jetmund Øye:

Landbruksutvalet

Sylvi Gula Hovdenakk:

Sakkyndig nemnd for taksering av eigedomsskateobjekt
Sakkundig klagenemnd for taksering av eigedomsskatteobjekt



Vår referanse: 22/2820 22/11010

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 31.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
12/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
04/22	Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid
05/22	Kontrollutvalsdagen - invitasjon
06/22	Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren
07/22	Økokrims trusselvurdering 2022 - NKRF



Vår referanse: 22/2779 22/10896

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 30.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid



Vår referanse: 22/2780 22/10899

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 30.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
05/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Kontrollutvalsdagen - invitasjon



Vår referanse: 22/2781 22/10903

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 30.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren



Vår referanse: 22/2782 22/10904

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 30.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
07/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Økokrims trusselvurdering 2022 - NKRF



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
13/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Prosjektplan og bestilling av forvaltningsprosjekt

Samandrag:

Forvaltningsprosjektet bør utførast i samsvar med prosjektplanen som Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har utarbeida.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt for Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg i samsvar med Prosjektplan datert 30.05.2022.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet ligg føre slik det kan behandlast i kontrollutvalet og kommunestyret vinteren 2022/23.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 07/22 kom flg. Fram: «Med grunnlag i orienteringane sak 03/22 OS 03 frå seksjon eigedom ser kontrollutvalet at det vil vere tenleg med ein forvaltningsrevisjon innan forvaltning og drift av kommunale eigedommar. Då dette er pågåande prosjekt i fleire andre kommunar bør prosjektet av omsyn til kostnader og samanlikning påbyrjast snarast.

Kontrollutvalet ber forvaltningsrevisor møte i neste møte for å drøfte moglegheita for å utføre dette prosjektet før prosjektet kontrollutvalet har vedteke - NAV Ørsta - Volda Økonomisk sosialhjelp.»

Som grunnlag for drøfting i møtet har sekretariatet bede forvaltningsrevisor utarbeide ei prosjektplan som ligg føre, datert 30.05.2022.

Målsetting for prosjektet er iflg. Prosjektplanen: Å vurdere om Ørsta kommune har etablert overordna målsettingar og eit system som legg til rette for forvaltning, drift og vedlikehald.

Problemstillingane er:

1. Har Ørsta kommune overordna plan og målsetting for den kommunale bygningsmassen, og blir dette følgt og rapportert til kommunestyret?
2. Har Ørsta kommune tilfredsstillande planleggings- og styringssystem for forvaltning, drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen?
3. Har Ørsta kommune etablert tilfredsstillande rutinar kring rapportering av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen?
4. Er vedlikehaldsnivået tilfredsstillande i høve normtal, KOSTRA- tal, evt. samanliknbare kommunar?

Vurdering og konklusjon:

Sekretariatet si vurdering er at forvaltningsprosjektet, om kontrollutvalet vil prioritere dette prosjektet, bør utførast i samsvar med den framlagde prosjektplanen som Søre Sunnmøre kommunerevisjonen har utarbeida. Det vert vist til den fullstendige prosjektplanen som ligg ved saka.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte

Samandrag:

Som lekk i å oppfylle kommunelova sitt krav til reglement for folkevalde organ er det utarbeidd framlegg til reglement for kontrollutvalet i kommunane .

Det er samtidig utarbeidd utkast til ein praktisk rettleiar for gjennomføring av møta i utvalet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Representantskapet i Vest kontroll, som består av kontrollutvalsleiarane i sekretariatssamarbeidet, drøfta i møte den 24.09.2021 Reglementet for kontrollutvalet og ser stor fordel i om kontrollutvala i samarbeidet har like reglement og vil oppmode kommunane om å få det til.

I møtet 13.05.2022 drøfta og behandla representantskapet forslaget til Reglementet for kontrollutvalet og Rettleiaren for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte på nytt og gjorde slikt vedtak:

Representantskapet (kontrollutvalsleiarane) i samarbeidet Vest kontroll kommunalt oppgåvefelleskap ber kontrollutvala og kommunestyra å vedta likt Reglement for kontrollutvalet og lik Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte.

Andre saksopplysningar

Lovgrunnlaget

Etter kommunelova § 5-13 skal folkevalde organ ha eit reglement. Dette påbodet gjeld også kontrollutvalet. Lova krev at reglementet skal fastsetje

« a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet

b) tidsperioden som organet er opprettet for

c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet»

Vedkomande pkt. b): Kontrollutvalet sin funksjonsperiode er samanfallande med valperioden Utarbeiding av utkast, innkomne merknader og kommentarar til desse

Utkastet har i fleire omgangar vore utsendt på høyring til kommunane sin administrasjon v/kommunedirektøren. Sekretariatet har motteke merknader og innspel frå nokre kommunar. Vi har valt å tolke manglande svar slik at desse ikkje har merknader til utkastet. Etter siste høyringsrunde har motteke tilbagemeldingar til utkastet berre vore positive.

Dei innkomne forslaga undervegs har etter nærare vurderingar og i rimeleg grad vorte tekne omsyn til i utkastet.

Vi finn å ville omtale eit par innspel særskilt.

Kontrollutvalet og tilhøvet til kommunen sine finansielle måltal

Frå ei kommune er det reist spørsmål om kontrollutvalet sin medverknad til oppfølging av det som etter kommunelova § 14-7 skal omtalast i den årsmelding/årsrapport som kommunestyret sjølv skal vedta. Kva som skal gjerast greie for i kommunen si årsmelding/årsrapport går fram av kommunelova § 14-7. Der er nemnt m.a. følgjande:

- kommunelova § 14-1 første ledd om plikt til å forvalte økonomien slik at handleevna blir ivaretatt over tid

- kravet i kommunelova § 14-2 bokstav c om at det skal vedtakast finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi

Ut frå dette er det stilt spørsmål om kontrollutvalet burde hatt ei meir aktiv rolle når det gjeld oppfølging av finansielle måltal.

Etter vårt syn bør drøftingar om reglar på dette området bli vurdert i ein vidare samanheng der også m.a. revisjonen vert trekt inn. Dette fordi rekneskapsrevisor etter dagens reglar også skal gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning. Spørsmåla bør difor eventuelt takast opp som eiga sak og ikkje som lekk i oppdatering av kontrollutvalet sitt reglement.

Eit naturleg utgangspunkt ville då kunne vere at kontrollutvalet skal følgje med i korleis revisjonen sitt konkrete oppdrag er utforma når det gjeld oppfølging av tilhøve som er omtala i kommunen si årsmelding.

Dette er ikkje noko nytt for kontrollutvalet. Det ligg under kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar at det vert ført «kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak» (jfr. kommunelova § 23-2 b)). Men det kunne drøftast om det er behov for betre å synleggjere at revisjonsoppdraget også skal ha fokus på korleis kommunen sin økonomi utviklar seg innanfor dei finansielle måltala som kommunestyret har vedtatt.

Motteken kommentar frå NKRF ved administrasjonen

Han «deler... Vest kontrolls refleksjoner rundt denne problemstillingen» og grunngir dette med å vise til at tilsynet med bl.a. finansielle måltal for utvikling av kommunane sin økonomi

høyrrer under kommunedirektøren sitt arbeid med økonomiplan og årsbudsjett, samt også internkontroll (kompl. § 25-2) og rapportering i årsberetninga.

Bråten i NKRF uttalar vidare at:

«kontrollutvalget ikke kan overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens folkevalgte organer (§ 1). Dette tilsier at kontrollutvalget ikke kan ivareta en løpende oppfølging av kommunens finansielle måltall i forkant av kommunestyrets vedtak.»

Spørsmålet om likelydande reglement for fleire kommunar

Det er både **ressursinnsparande og brukarvenleg** at det er **samsvar** mellom reglementet for flest mulege kontrollutval som har Vest kontroll Kommunalt Oppgåvefelleskap som sekretariat.

Det er difor ein tek sikte på samkøyring av prosessane med utgreiing og vedtak, fram til det enkelte kommunestyre si behandling av forslaga.

Møterettleiar, jfr. vedlagte utkast

Dette er ein «forretningsorden» som gjeld kontrollutvala sine møte. Det vil vere fordelar med ein einsarta praksis ved gjennomføring av utvalsmøta. Rettleiaren kan vere eit bidrag til å gi svar på spørsmål som kan oppstå i eit møte og elles i kontrollutvalet sitt arbeid.

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
15/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021

Samandrag:

I kommunelova og Forskrift for kontrollutval og revisjon går fram kontrollutvalet sitt på-sjå ansvar/oppgåve overfor revisor og revisor sitt arbeid med finansiell revisjon.

Ut frå dei tiltak og den dokumentasjon som ein har fått og tilgjengeleg no, har ein ikkje funne grunn til merknader utover det som kjem fram under saksopplysningar.

Dagleg leiar si tilråding:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

Saksopplysningar:

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, kan vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

Saka omhandlar revisjonen sitt arbeid for kommunen.

I Kommunelova frå 2018 § 23-2 står det at kontrollutvalet skal sjå til at:

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i Forskrift om kontrollutval og revisjon frå 2019 § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om

årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i mars 2021 kome med veileiar til Kontrollutvalgs- og revisjonsforskrifta. § 3 ligg som vedlegg til saka.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. NKRF jobbar med ny veileiar, men den er enno ikkje ferdigbehandla og vedteken.

Vi legg då til grunn at NKRF sin gamle veileiar i det vesentlege er dekkande for kontrollutvalet sitt arbeid med på-sjå ansvaret over for revisor og vel å legge vekt på den i gjennomgangen av kontrollutvalet sitt på-sjå ansvar overfor revisor for 2021.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang i møtet om revisjonsarbeidet for året.

Her vert det vist til vedlagde B-dokument som er unnateke offentleg innsyn.

Vurdering og konklusjon:

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren frå NKRF:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.

Krava her er følgt opp.

2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.

Oppdragsansvarleg revisor har autorisasjon for oppgåva.

Vandelsattest er krav for å få autorisasjonen.

3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.

Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.

4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.

Så langt vi har kjennskap til revisor er vedkomande uavhengig.

Vi føreset at oppdragsansvarleg revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapportere om eventuelle endringar.

5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.

Kontrollutvalet og Sekretariatet har svært mange års erfaring med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS og veit godt kva dei står for.

*Revisjon orienterte Kontrollutvalet om si planlegging av finansielle revisjon for 2021 i sak **36/21**. Revisjonen har også løpande orientert og svara på spørsmål i møta.*

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har samarbeidsavtale med revisjonen.

7. Revisjonsstrategi.

Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne

*Var til behandling/orientering i kontrollutvalssak **36/21**. Sjå pkt 5 framom.*

8. Nummerert brev.

Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.

9. Mislegheiter.

Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.

10. Revisjonsmeldinga.

*Revisjonsmelding er datert den **16.05.2022**.*

11. Revisor sin møteplikt og møterett.

Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.

12. Uttale i revisjonsmeldinga.

Revisor har i revisjonsmeldinga uttala seg om dei tilhøve lovverket krev når det gjeld årsrekneskapen og årsmeldinga, og vi viser til denne.

13. Revisor sin opplysningsplikt.

Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og Kontrollutvalet burde hatt.

Revisor blir til stades i Kontrollutvalsmøtet, og kan såleis gi utfyllande opplysningar og svare på spørsmål.

Ut frå den kjennskapen ein har i dag har om revisor sitt arbeid med finansiell revisjon for 2021, har ein ikkje merknader.

Vest kontroll

Jostein Støylen

dagleg leiar



Vår referanse: 22/2812 22/10982

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 31.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
16/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

Saker som må vidare oppfølgast er merka i vedtaksoppfølginga.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
17/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Rekneskap og årsmelding 2021

Samandrag:

Kommunen har eit vesentleg betre resultat enn budsjettert og fjoråret.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 16.05.2022
2. Kontrollutvalet meiner at Ørsta kommune sitt årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser: kulepunkt
netto driftsresultat (overskot) på kr 11 756 207.

Rekneskapen er sett saman av:

- a balanse per 31.12.2021
- b driftsrekneskap
- c investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- d oversikt over budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
- e notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp

Vedlegg:

Revisjonsmelding 2021

Årsrekneskap_Ørsta kommune 2021

Årsmelding del 1 pliktig informasjon_Ørsta kommune 2021

Årsmelding del 2 kommunedirektør og seksjonar_Ørsta kommune 2021

Vedlegg årsmelding_Ørsta kommune 2021

Saksopplysningar:

Fakta

Rekneskapen er avslutta med eit positivt netto driftsresultat (overskot) på kr. 11,7 mill. Det var budsjettert med eit negativt resultat på 14,7 mill. kr. I 2020 var det overskot på kr. 1,3 mill. Tilsvarende resultat i 2019 var negativt med 1,6 mill. kr.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2021 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav

1. Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak
2. Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter
3. Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske oppstillingane.

Stadfesting og vurderingar av kommunedirektøren og økonomi-/rekneskapsansvarleg kjem fram fremst i dokumentet

Overskotet på 11,7 mill. kr. er vesentleg høgre enn budsjettert. Det kjem av meirinntekter frå skatteinngangen og ekstra statstilskot pga. pandemien.

Netto driftsresultat utgjer 1,8 % av brutto driftsinntekter. Ein vesentleg auke frå 2020 som viste 0,4 %. Vedtekne måltal i Ørsta Kommune er 1,25 %. Teknisk Berekningsutval (TBU) si tilråding er på minst 1,75 %.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,8 % er lavare enn i Volda Kommune med 3,6 % og gjennomsnittet i landet ex. Oslo på 4,2 %. Og omtrent på same nivå som gjennomsnittet av kommunane i Møre og Romsdal på 1,9 %.

Disposisjonsfondet utgjer 87,2 mill. kr., auke frå 74,9 mill. ved utgangen av 2020. Dette utgjer 10 % av driftsinntektene og er betre enn både Volda Kommune med 8,2 % og gjennomsnittet av kommunar i Møre og Romsdal med 8,7 %. Teknisk Berekningsutval (TBU) tilrår minst 5%.

Netto lånegjeld utgjer 122,8 % av brutto driftsinntekter, auke frå 114% 31.12.2020. Dette er lavare enn Volda med 133,6 %, men høgre enn gjennomsnittet av kommunar i Møre og Romsdal med 112,9 % og landet ex. Oslo med 93,3 %.

Note 27 omtalar økonomisk oppgjer etter grensejustering i Bjørke og Viddal. Erstatning er ikkje inntektsført, då begge partar har anka avgjerda.

Årsmelding Del 1 Pliktig informasjon

Årsmeldinga inneheld mykje interessan informasjon, m.a. oversikter over utvikling i kostnadar mm i åra 2018-2021, samanlikna mot andre kommunear.

Det er gjort omorganisering frå 7 til 3 seksjonar med tilsvarande endring i tal kommunalsjefar. Kommunedirektøren sine vurdering av vesentlege avvik går fram av side 9-12. Netto meirforbruk utgjer kr. 11,8 mill. kr.

Sjukefråværet er på 9,86 %, ein auke frå 8,31% i 2020.

Likestilling er omtala på side 38-46.

Klimarekneskap finn vi på side 50-54.

Årsmelding Del 2 Kommunedirektøren og seksjonar

Vi viser til sjølve dokumentet som har fylldig og detaljert informasjon frå seksjonane.

Avslutning

1. Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar, men informasjon om at pensjonsfondet viser premieavvik som framkjem som fordring i balansen. Dette er ei rekneskapsteknisk ordning av betalte pensjonskostnadar og ikkje eit reelt krav.
2. Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2021 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
3. Revisjonen har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2021.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Vår referanse: 22/2820 22/11008

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 31.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
18/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

Saker til eventuell seinare behandling